

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	09.10.2025
Vår referanse	2025/52524-6
Dykkar referanse	37614bb8-cf6b-46e6-90d6-
Sakshandsamar	553c043afbe4
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for rehabilitering av dam Årebotn, NVE-ref.: 202218489

Samandrag av innspel

Vi har ingen avgjerande merknader m.o.t. kulturminne, men ber om at det takast omsyn til kulturlandskapet. Potensialet for funn er vurdert som lågt, men tiltakshavar har plikt til å varsle ved eventuelle funn, i tråd med kulturminnelova. Uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum om marine kulturminne ettersendast.

Når det gjeld vassmiljø, er det ikkje identifisert forhold som gjev grunnlag for merknader. Tiltaka bør likevel så langt mogleg søkja å bidra til å nå måla om godt økologisk potensiale og god kjemisk tilstand for vassførekomsten.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til høyringa av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Årebotn. Detaljplanen skildrar korleis det er planlagt å gjennomføre rehabiliteringa. Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune er basert på ei vurdering av detaljplanen opp mot relevante fagområde og regionale planar og interesser.

Kort skildring av tiltaket

Dei planlagde tiltaka omfattar i hovudsak etablering av nytt lekkasjeoppsamlingsarrangement på fjell nedstraums høgge fyllingsdam. Lekkasjevegg vert ført heilt opp til høgge vangemur og ny målekum vert bygd i tilknytning til ny oppsamlingsvegg. Eksisterande lekkasjemålekum vert fasa ut. Det skal også installast instrumentering for overvaking av poretrykk nedstraums begge fyllingsdammene. I tillegg er det planlagt tettingstiltak ved ei registrert lekkasje nær høgge vangemur på nedstraums dam.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne. I detaljplanen står det at tilsvarande terrenginngrep ble i stor grad utført i samband med utbetring av dammen i 2003 og morenetak i 2006. Potensial for nye funn av kulturminne er derfor vurdert til å vere låg.

Vi ber likevel om at ein under opparbeiding av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som eldre vegar/stiar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere fangstanlegg for rein, kullgroper, steinsettingar, eller våpen og reiskap i metall eller stein.

Vestland fylkeskommune har elles ingen andre avgjerande merknader i saka.

Uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum

Då planen omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum ved Museum Vest for vurdering av tilhøve til marine kulturminne. Dei har førebels ikkje svart, og uttale frå museet vil bli ettersendt.

Vassmiljø

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv – vassforvaltning, viser til detaljplan for rehabilitering av dam Årebotn i Vik kommune.

Vi har ingen avgjerande merknader til tiltaket. Utsettingspålegget er fjerna og aurebestanden er antatt å vere god med god rekruttering. Det er tidlegare utført biotopforbetrande tiltak i to gytebekkar nær dammen.

På generell basis vil ein gjerne at tiltak knytt til sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) søker å bidra til at vi når måla frå vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan for SMVF i Vestland vassregion om godt økologisk potensiale og god kjemisk tilstand dersom praktisk og økonomisk mogleg.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne – Silje Øvrebø Foyen
- Vassmiljø – Marlene Sørli

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

VIK KOMMUNE

Postboks 134

6891

VIK I SOGN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER